



Johannes Nesse  
Seimsstranda 483  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/7540 - 22/87914

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
18.11.2022

## Løyve til bygging av landbruksveg på gbnr. 177/6 Neset i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr: 1309/22

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Johannes Nesse løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 177, bnr. 6 Neset i Alver kommune.

### Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet skal arbeidet stogkast og Vestland fylkeskommune – avdeling for kultur, idrett og inkludering skal varslast.
- Der veganlegget kjem i konflikt med kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter og liknande skal ein søkje unngå inngrep i/skade på desse.
- Vegen skal byggjast i samsvar med «Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 7.
- Om det likevel vert naudsynt å bruke tilkøyrt masse, må tiltakshavar dokumentere at massane ikkje er ureina.
- Vegen må byggjast i samsvar med det som kjem fram i søknaden av 04.10.2022.
- Vedtaket er gyldig til 01.12.2025. Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort, jf. forskrift 2015-05-26-550 om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Tiltaket må vere ferdig innan 01.12.2026.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

### Saka gjeld

Johannes Nesse søker om løyve til å byggje landbruksveg i vegklasse 7 – traktorveg på gnr. 177, bnr. 6 i Alver. Vegen vil verte 127m.

Dekningsområdet er oppgjeve til 516 daa. Av dette er 411 daa produktiv skog og 83 daa jrdbruksareal. Føremålet med vegen er oppgjeve til 100% jordbruk noko som tykkjest vere rett, då vegen løyse tidlegare skogsmark som skal ryddast til beite – sjå fig. 1. I framtida kan vegen ev. lengast mot skogsmark som synt i fig. 1. Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 51.000,-.



Fig.

1. Vegen vil liggje om lag slik i terrenget. Den løyser ut område som skal ryddast til beite.

Vegen skal krysse ein mindre og sakteflytande bekk (nærast som eit vass-seg) – sjå fig. 2 nedanfor. Det er viktig å ha stort nok røyr til denne kryssinga og vi minner om at klimautviklinga tilseier auka intensitet i nedbør i åra framover. Det er viktig at det er eit større røyr heller enn to mindre. To mindre dimensjonerte røyr attmed kvarande kan lettare føre til tetting av inntaket av røyra samanlikna med eitt røyr med auka dimensjon.



Fig. 2. Den omsøkte vegen skal krysse ein mindre bekk om lag der markeringa syner. Vegen skal gå frå eksisterande veg til venstre i biletet og bort mot kryssingspunktet.

Det skal ikkje etablerast eige masseuttak til prosjektet, men søkjar skal starte opp eit byggjeprojekt i samband med driftsbygning som vil frigjere masse til vegbygginga. Såleis skal det etter planen ikkje køyrast til eksterne massar (utanfor bruket) til veganlegget.

#### **VURDERING:**

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen gjev tilkomst til område som etter planen skal ryddast til beite. Den er såleis i tråd med føremålet i landbruksvegforskrifta.

Det kan reistas spørsmål med om vegen treng handsaming etter landbruksvegforskrifta då den er kortare enn 150m jf. forskrifta § 1-3, 2.ledd der det heiter: «Forskriften gjelder ikke for opparbeidelse av oppstillingsplass for landbruksmaskiner til bruk på eiendommen og enkle avkjørsler fra godkjente landbruksveier. Det samme gjelder enkle og midlertidige driftsveier som bare medfører ubetydelige terrenginngrep. Med ubetydelige terrenginngrep menes planering med samlet omfang på inntil 150 meter eller på areal inntil 450 m<sup>2</sup>, der fylling eller skjæring ikke fører til mer enn 1 meter avvik fra opprinnelig terrengnivå. Forskriften gjelder likevel dersom tiltaket kan ha vesentlig negativ påvirkning på de hensyn som er nevnt i § 1-1.» På Neset er det registrert ein del fornminner og mellom anna går den Trondhjemske Postvei i området. Dette er bakgrunnen for at kommunen fann det rett å handsame tiltaket som landbruksveg etter forskrifta.

Prinsippa i §§ 8-12 jf. § 7 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken. Eit stykke unna er det gjort observasjon av gulspurv som er rekna som ein sårbar art.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet søkje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stogkast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har ikkje kome med merknader og heller ikkje bede om utsett frist innan fristen som vart sett.

Alver kommune, kultur har ikkje merknader til søknaden.

Alver kommune, landbruk meiner at kunnskapsgrunnlaget i saka er godt nok til å fatte vedtak og slik stettar krava i naturmangfaldslova § 8. Vidare meiner vi at «føre van» prinsippet i § 9 er teke i vare. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket vil påverke den samla byrda som økosystemet er eller vil verte utsett for jf. naturmangfaldslova § 10.

Heile veganlegget ligg på bnr. 6, og det vil ikkje vere naudsynt med særskilt avkøyrsløse- eller endringsløyve til offentleg veg.

Efter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

### **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksveggar
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7540»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Johannes Nesse

Seimsstranda 483

5912

SEIM